



TILTAKSPLAN MOT VALD OG UTFORDRANDE ÅTFERD I BARNEHAGANE

Tiltaksplanen gjeld alle barn og tilsette ved dei kommunale barnehagane i Sykkylven

1. MÅLSETJING

Målet med planen er å førebygge mot utagerande og normbrytande åtferd frå barn (både verbalt og fysisk), og å etablere rutinar for korleis ein skal handtere situasjonar der barn eller tilsette vert utsett for vald, truslar og utfordrande åtferd.

2. BAKGRUNN

Forskingresultat viser at mellom fem og ti prosent av barnehagebarn har ei normbrytande åtferd. Mykje av det som vert rekna som alvorlege ungdoms- og vaksenproblem vert etablert allereie i barnehagealder. Tidleg innsats er avgjerande for å hindre at åtferdsproblem får danne seg som eit fast mønster.

3. GRUNNSYN

Ein skal ikkje påføre barnehagebarn skuld kjensle eller straff for å få bukt med den utfordrande åtferda. Kjeft, verbale krenkingar og krasse irettesetjingar skal ikkje førekome. Dette gjer kanskje barnet meir føyeleg i ein gitt situasjon, men det utviklar ikkje nokon læringssituasjon som kan føre til varig endring. Uavhengig av metode skal dei tilsette i barnehagane først og fremst støtte barna si positive åtferd, og deira styrker og interesser.

Vald og aggressiv åtferd, der ein påfører andre skade, er ikkje noko som små barn gjer av vondskap eller rein motvilje. Valdeleg åtferd er uttrykk for eit behov som ikkje er stetta, og ingen barn har som førsteval å vere vanskelege eller skade andre. Som regel manglar desse barna kompetanse i korleis dei kan uttrykke sine behov annleis, og veit ikkje korleis dei skal oppføre seg i situasjonar dei ikkje har kontroll over. For barn som har store problem med impulskontrollen, er det sjeldan hjelp i å seie at barnet må tenke seg om før det gjer noko dumt, fordi det nettopp er det barnet har problem med! Forsking viser at barn oppfører seg bra såframt dei er i stand til det. Difor gjeld det å skape gode læringssituasjonar.

Barnehagen har eit ansvar for å hindre at uheldige åtferdsmønster får feste seg. Eit kompetent personale er avgjerande for å lukkast. Pedagogiske framgangsmåtar som har vist seg å ha lang haldbarheit, både for læring og for å fjerne uønskt åtferd, er å vise empati, bygge relasjonar til barnet, og framheve dei positive og sterke sidene til barnet framfor å fokusere på problem og manglar. Små barn lærer best gjennom ros og gode førebilete. Trygge rammer, tilknytning, trøst, omsorg og omtanke er det viktigaste for barna i ein barnehage.

Når dei vaksne skal vurdere normbrytande åtferd, må dei alltid tenke over kva som er aldersadekvat. Det er ikkje noko unormalt at barnehagebarn kranglar eller kanskje kjem i

slagsmål. Men barna må lære å innordne seg kollektive reglar, og dei må sjølvsgt få tilbagemelding på kva som er rett og gale (det er ok å vere sint, men det er ikkje lov å slå). Det er først når den aggressive oppførselen er i ferd med å etablere seg som eit mønster at ein bør ta det på verkeleg alvor.

4. FØREBYGGING

- Kompetansebygging i personalgruppa. Fokus på relasjonskompetanse, innleving og det å tolke/forstå barna sine behov og utfordringar. Auka sjølvrefleksjon gjer at dei tilsette lettare kan sjå at også dei kan vere delaktige og medansvarlege i det som skjer.
- Tenke over årsakene til konflikhtar og leite etter mønster. I det praktiske arbeidet er det ofte ein tendens til å rette søkelyset mot det som ikkje fungerer. Men i staden for fokus på det negative, er det viktig at barnehagen heller legg vekt på å forsterke det som er positivt (til dømes ved å rose dei barna som set seg ned ved måltidet, framfor å kjefta på dei andre). Universelle metodar som omfattar alle barna, og som styrker dei faktorane som beskyttar, inneber som regel positiv forandring for alle barn.
- Skape trygge rammer, god oversikt og tydelege struktur i barnehagekvardagen. I størst mulig grad førebu barna på kva som skal skje.
- For dei barna som har verkeleg alvorlege problem er det ikkje tilstrekkeleg med allmenne tiltak. Desse treng individuell oppfølging og støtte.
- Kartlegging av barn i risikograppa.
- Foreldresamarbeid: Aktuelle foreldre skal trekkast inn så tidleg som muleg, slik at ein kan informere om barnehagen sine rutinar, samt involvere og ansvarleggjere foreldra. Det er svært vanleg at foreldre som har barn i risikosona berre får høyre om barnet sine manglar og feil. Fokuser på alt det positive hos barnet som ein kan bygge vidare på! Å framheve det som går bra (positiv forsterking) fungerer for dei aller fleste.
- Kartlegging av risikostadar i barnehagen (t.d. kjøkken og lager for formingsutstyr, der det vert oppbevart farlege reiskap som knivar og sakser).
- Gjennomføre eventuelle tryggingstiltak på risikostadar.
- Etablere gode rutinar for oppbevaring av farlege reiskap. Når slike reiskap ikkje er i bruk skal det om praktisk muleg vere innelåst. Bruk skjøn.
- Uteområdet: Personalet som er ute skal gjennom aktiv deltaking saman med barna forsøke å sense når ein valdeleg situasjon vil kunne oppstå, avleie barnet og ta ifrå det potensielt farlege gjenstandar.
- Samarbeid med andre kommunale etatar.
- Godt miljø på alle avdelingar, faste rutinar og inkluderande fellesskap som skaper tryggleik. Fokus på trygge rammer og gode relasjonar mellom personale, barn og foreldre/føresette.
- Skape felles forståing av mobbing i barnehagen. Fokus på mobbing generelt og vurdering av tiltak.
- Personalet og foreldre bør vite at det tek tid å endre eit åtferdsmønster. Gjerne fleire år. Det gjeld å ha tålmod og halde fast ved ein strategi, sjølv om det ikkje gir resultat over natta.

5. LEIINGA SI OPPGÅVE

- Dersom det er naudsynt går styrar/ped.leiar støttande inn for å roe ned ein akuttsituasjon.
- Styrar eller ped.leiar skal sette i verk tiltaksplanen og syte for at oppgåver vert utført.
- Unntaksvis kan barnet/barna takast ut av situasjonen. Men å fjerne eit barn frå resten av gruppa skal vere siste utveg. Dette kan opplevast som «skammekrok» og påføre barnet skam slik at det føler seg krenka.
- Ved særskilte situasjonar kan ein tilkalle fagleiar ved PPT som rykker ut – eventuelt syte for at personale kan tre støttande til i situasjonar som krev dette.

- Syte for tilstrekkelege ressursar slik at både utøvaren og den som vert utsett for vald/truslar får særskilt omsorg i ein akuttsituasjon.
- I alvorlege tilfelle syte for at naudsynt dokumentasjon vert sikra (kommunens rapporteringsskjema/avviksmeldingssystem) og eventuelt melde sak til Arbeidsmiljøutvalet.
- I særskilde høve lagar ped.leiaren ein eigen tiltaksplan for barnet som er utøvar av vald/truslar. Denne vert delt ut til assistentar og andre involverte.

6. TILLITSVALT SI OPPGÅVE

- Sjå til at prosedyrar i tiltaksplanen vert følgt.
- Sjå til at særskilte situasjonar vert rapportert/meldt.
- Vere tilgjengeleg for den vaksne som vert utsett for vald/truslar

7. VERNEOMBODET SI OPPGÅVE

- Sjå til at tilsette sine rettar i forhold til arbeidsmiljølova vert ivaretatt.
- Sjå til at melding/rapport vert sendt til Arbeidsmiljøutvalet.

8. TILTAK

- Legge til rette for varsling med mobiltelefon – telefonliste på alle avdelinger.
- Dersom ein tilsett vert utsett for vald/truslar av ein slik art at han/ho føler at situasjonen ikkje kan handterast, skal ein straks tilkalle andre vaksne. Også styrar skal varslast, eller eventuelt ped.leiar dersom styrar ikkje er tilgjengeleg.
- Dette betyr at andre eventuelt må gå frå sine oppgåver dei er i gang med (i den grad det er forsvarleg), for å tre støttande til.
- Leiinga overtek ansvaret for situasjonen.
- Om naudsynt varslar leiinga tillitsvalde, verneombod og fagleiar ved PPT.
- Både utøvaren og den som vert utsett for vald/truslar må takast hand om.
- Eventuelt varsle lege/helsesøster.
- Rapportskjema/avviksmelding må fyllast ut og sendast inn.
- Barnet som utfører vald/truslar skal unntaksvis takast ut av gruppa, og ikkje takast inn att før barnehagen sin reaksjonsmåte og tiltak er klarlagt.
- Minst ein vaksen må frigjerast for å ta seg av barnet medan leiinga set i verk naudsynte tiltak
- Tiltak må setjast i verk straks.
- Samtale med barnet sine foreldre/føresette må gjennomførast så snart som muleg.

9. EKSTERNE SAMARBEIDSPARTNARAR VED AKUTTSITUASJONAR

- PPT
- Kommunal psykolog

10. OPPFØLGING AV DEN RAMMA (BARNET)

- Den som er utsett for vald bør eventuelt blir undersøkt av lege, sjølv om fysiske skadar ikkje er synlege.
- Den ramma må få bearbeide sine kjensler og reaksjonar etter alvorlege hendingar. Eventuelt få psykologhjelp eller anna profesjonell hjelp.
- Unntaksvis må ein vurdere å gi eit ramma barn fri frå barnehagen resten av dagen og eventuelt be om at det blir henta av foreldre/føresette.

11. OPPFØLGING AV DEN RAMMA (PERSONALET)

- Dersom ein tilsett er ramma, må ein også vurdere å gi denne fri resten av dagen. Om vedkomande ikkje har nokon å vere saman med heime, bør barnehagen tilby ein person som kan vere saman med vedkomande dersom det er ønskjeleg.

- Vedkomande bør ta fatt på arbeid igjen så snart som muleg. Barnehageleiinga og tillitsvalt må halde god kontakt med vedkomande i ein eventuell sjukemeldingsperiode.
- Det er viktig med god støtte frå leiing og kollegaer når arbeidet skal takast opp att. Arbeidssituasjonen må vurderast i samarbeid mellom styrar, tillitsvalt og den ramma.

12. RAPPORTERING (VAKSNE)

- Skademelding skal skrivast. Skademeldingsskjema finn ein på NAV sine heimesider. Alle yrkesskadar og yrkessjukdomar skal registrerast. Arbeidsgjevar har ansvar for at dette vert fylt ut. Arbeidstakar beheld kopi.
- Den ramma (eventuelt i samarbeid med styrar) fyller ut dokumentasjonen: kommunen sitt rapporteringsskjema / avviksmelding.
- Styraren syter for at dette vert sendt til arbeidsmiljøutvalet/kommuneleiinga.

13. AVHENGIG AV OMFANGET AV VALDEN/TRUSLANE

- Bekymringsmelding til barnevernet kan vere eit aktuelt tiltak ved einskilde høve.
- Melding til kommuneleiing/barnehagefagleg rådgjevar.

14. KORLEIS OPPTRE I VALDSSITUASJONAR

- Grunnregelen er å gripe inn raskt, men stille. Eit verbalt og høglydt inngripande fører som regel berre til meir provokasjon hos barnet. Moralsk skjennepreike har liten nytte, som regel veit barnet når det har gjort noko gale. Det viktige er at den vaksne får slutt på den utagerande åtferda. (Sjølvsagt er det fint om tilsette i barnehagen resonnerer kring empati og moralske spørsmål, men ikkje akkurat idet barnet bryt med ønska åtferd).
- Bruk av tvang og makt:
 - Det er ikkje heimel i Barnehagelova for å nytte fysisk makt overfor eit barn. Heller ikkje Sosialtenestelova gir heimel for å nytte fysisk makt eller tvang i barnehagen.
 - All form for fysisk straff av barnet er uakseptabelt. Dette gjeld også dersom straffa er tenkt som eit ledd i oppsedinga av barnet, og sjølv om den fysiske maktbruken er «mild» (t.d. rapp over fingrane, lette klaps, kniping, dytting).
 - Husk at dei vaksne er modell for korleis barna vel å løyse konflikhtar.
- Naudverjerett:
 - Straffelova gir ein avgrensa rett til å gripe inn i situasjonar for å avverje, eventuelt stanse, åtferd som vert sett på som farleg. Dvs situasjonar som kan skade vedkomande sjølv eller andre (Straffelova §47 og 48).
- Naudverjesituasjonar:
 - Når det i heilt spesielle situasjonar er fare for at eit barn kan skade seg sjølv eller andre, vil det vere naudsynt å stanse barnet med makt, eventuelt skilje barnet frå den/dei han utagerer mot. Barnet skal då ha tilsyn av minst ein vaksen.
 - Når eit slikt tiltak vert sett i verk skal ein straks melde frå til styrar og foreldre/føresette.
 - Styrar eller ped.leiar må føre opplysningar om slike tiltak, og om grunnen til tiltaket, i mappa til barnet.
 - Dersom ein tilsett kjem i ein situasjon der naudverjeretten må nyttast, skal avviksmelding og kommunens rapportskjema fyllast ut.
 - Ved bruk av naudverjeretten må den tilsette vise stor aktsemd.
 - Dersom eit barn må fjernast frå ein situasjon skal barnet leiast vekk med handa, eventuelt haldast/berast som siste utveg.
 - Den tilsette må skrive ein rapport om hendinga og legge i barnemappa.